



Aud Hindøy med familien ombord på NJØTHOLM. F.v: Per Bernhard, Aud, Svein, Ramona, Andreas, Mathias, alle med etternamnet Østensen.

**Aud Hindøy, gift Østensen, flytta frå øvst i dalen på Musland i 1970 til Krossleite og seinare til Erve i Ålfjorden i Sveio kommune. Dei siste 15 åra har ho saman med mannen sin, Per Bernhard, feriert på Vestlandskysten i motorskøyta NJØTHOLM. Denne veka ligg dei i Uskedalen og nyttar høve til å gå på gamle tomter og møta slekt og vener.**

Uskedalen.no møter Aud og Per Bernhard saman med barn og barnebarn om bord i den 50 fot lange motorskøyta NJØTHOLM. Det er romsleg plass med fleire lugarar, bysse og salong. Det er dokument på faryet frå 1913, men skuta vart omregistrert i 1950, den gongen med Johan Njøten frå Austerheim som eigar. I fiskeregisteret finn vi fartyet med kjenneteikna H 9 AV.



[Motorskøyta NJØTHOLM frå Erve i Alfjorden i Sveio kommune.](#)

MK MODER gjekk dei fyrste åra med ein 12 HK Skandia, seinare 25 HK Norma. I dag går båten med ein 4 sylindra 180 HK Calliser. Skuta er i dag ombygd til turbåt med nytt dekk, nye rekkestøtter, endra overbygg og ny innreiing. Fartyet er svært godt halde, blank i skutesida og på dekk.

Aud minnest skuleåra sine på Haugland. Unnataket var faget Engelsk. Då måtte ein ned til til Uskedal skule. Framhaldskulen var med Peder Kjærland i Bedehuset. Ho har god kontakt med heimbygda og var for nokre år sidan på konfirmantjubleum og møtte klassen sin igjen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal